

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Runde på e-post
Dato: 03.07.2013
Tidspunkt: 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand kommune
Olv Grotle	Medlem	Førde kommune
Gunnvor A. Sunde	Medlem	Gloppe kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster kommune
Ivar Kvalen	Leder	Luster kommune
Eline Orheim	Medlem	Sogndal kommune
Sven Flo	Nestleder	Stryn kommune
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Steinar Lund	nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 27/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om løyve til helikoptertransport og utsetting av fisk i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen		2013/2733

ST 22/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 03.07.2013

Vedtak

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	23/13	03.07.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om løyve til utsetting av fisk i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune

Innstilling fra forvaltaren

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 3.2 andre strekpunkt, og naturmangfaldlova § 48, får Jølster jakt- og fiskelag sone 4 løyve til utsetting av innlandsaure (*Salmo trutta*) i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune, samt til ei landing med helikopter i vestenden av Trollebottsvatnet i samband med frakt av fisken.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ei utsetting av innlandsaure (*Salmo trutta*) i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune.
- Det skal berre setjast ut fisk av lokal stamme.
- Det skal også ligge føre løyve fra fylkeskommunen til utsetting av fisk, jf. forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvassorganismar, der det blir definert kva som er å rekne som fisk av lokal stamme.
- Løyvet til landing med helikopter gjeld for perioden 19. til 31. august 2013, med unntak av sundagar.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og eventuelle utøvarar av friluftsliv.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) skal varslast seinast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11. 2013 om gjennomført helikoptertransport.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 03.07.2013

Handsaming i møte:

Styremedlemmene stiller seg bak framlegg til vedtak, men ber om ei presisering av at løyvet gjeld ei utsetting av fisk, og ei landing med helikopter.

Ordlyden i vedtaket blir difor slik:

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 3.2 andre strekpunkt, og naturmangfaldlova § 48, får Jølster jakt- og fiskelag sone 4 løyve til ei utsetting av innlandsaure (*Salmo trutta*) i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune, samt til ei landing med helikopter i vestenden av Trollebottsvatnet i samband med frakt av fisken.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ei utsetting av innlandsaure (*Salmo trutta*) i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune.
- Det skal berre setjast ut fisk av lokal stamme.
- Det skal også ligge føre løyve fra fylkeskommunen til utsetting av fisk, jf. forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvassorganismar, der det blir definert kva som er å rekne som fisk av lokal stamme.
- Løyvet til ei landing med helikopter gjeld for perioden 19. til 31. august 2013, med unntak av sundagar.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og eventuelle utøvarar av friluftsliv.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) skal varslast seinast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11. 2013 om gjennomført helikoptertransport.

Samrøystes vedteke.

Vedtak


Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 3.2 andre strekpunkt, og naturmangfaldlova § 48, får Jølster jakt- og fiskelag sone 4 løyve til ei utsetting av innlandsaure (*Salmo trutta*) i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune, samt til ei landing med helikopter i vestenden av Trollebottsvatnet i samband med frakt av fisken.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ei utsetting av innlandsaure (*Salmo trutta*) i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune.
- Det skal berre setjast ut fisk av lokal stamme.
- Det skal også ligge føre løyve fra fylkeskommunen til utsetting av fisk, jf. forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvassorganismar, der det blir definert kva som er å rekne som fisk av lokal stamme.
- Løyvet til ei landing med helikopter gjeld for perioden 19. til 31. august 2013, med unntak av sundagar.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og eventuelle utøvarar av friluftsliv.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) skal varslast seinast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11. 2013 om gjennomført helikoptertransport.

Saksopplysningar

Jølster jakt- og fiskelag sone 4 søker om løyve til å sette ut fisk i Trollebottsvatnet i Fossheimsdalen i Jølster kommune. Dei søker også om løyve til bruk av helikopter til transport av fisken til vatnet. Dei søker om løyve til landing med helikopter i tidsrommet 19. til 31. august 2013. I søknaden er det opplyst om at dei vil lande i vestenden av vatnet.



Figur 1: Trollebottsvatnet i Jølster kommune.

Lovgrunnlag

I følgje verneforskrifta pkt. 3.1 må ikkje nye fiskeartar eller næringsdyr for fisk innførast utan løyve etter pkt. 3.2 i verneforskrifta. I følgje pkt. 3.2 andre strekpunkt kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til tiltak for fremjing av fiske, når slike tiltak elles ikkje strir mot føremålet med vernet.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel til dette føremålet. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at «*forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det ska gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Tollebottsvatnet ligg øvst i Fossheimsdalen i Jølster kommune, like innanfor grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark. Vatnet ligg på 1064 moh. i ei gryte i landskapet. Frå søkjar og sakshandsamar i Jølster kommune er det opplyst om at det tidligare er sett ut fisk i dette vatnet, seinast i 2003.

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er blant anna å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand. Fisk og anna dyre- og planteliv i vatna i nasjonalparken er difor ein del av verneføremålet. Vatn der det ikkje er fisk, og heller ikkje nokon gong er sett ut fisk, er generelt verdifulle, sidan fråveret av fisk ofte fører med seg eit særskild dyre- og planteliv.

Tollebottsvatnet har mest truleg vore naturleg fisketomt, men som i svært mange vatn i høgfjellet er det sett ut fisk her. Sjølv om det ikkje går fram av søknaden legg eg som grunnlag for tilrådinga i saksframleggat at det er snakk om innlandsaure (*Salmo trutta*). Dersom det blir nytta innlandsaure av ei lokal stamme, vil det ikkje vere i strid med føremålet med vernet. Eg vurderer difor utsettinga av fisk, med dei rette vilkåra, til å ikkje vere i strid med føremålet med vernet.

Bruk av helikopter fører med seg støy og uroing, og ein ynskjer difor å halde bruken av motorisert ferdsel på eit minimum innanfor nasjonalparken. I dette tilfellet er det snakk om *ein* tur med helikopter opp til vatnet, som ligg like innanfor grensa til nasjonalparken. Føremålet med helikopterten (å sette ut fisk), er som skildra i avsnittet over med dei rette vilkåra ikkje å rekne som i strid med verneføremålet. Eg vurderer difor helikoptertransporten til å ikkje vere i strid med verneføremålet, og til å ikkje kunne påverke verneverdiane nemneverdig. Det er difor heimel til å gi løyve til helikoptertransporten, jf. naturmangfaldlova § 48 første avsnitt. Punkta om sikkerheitsomsyn og omsynet til vesentlige samfunnsinteresser vurderer eg til å vere ikkje aktuelle i denne saka.

Det er kjent at det tidligare er sett ut fisk i Tollebottsvatnet. Ut over dette er kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet og effektane av eventuelle påverknadar som kan kome som ein konsekvens av tiltaka det er søkt om godt kjend gjennom erfaringa med forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark, og frå søk i diverse naturbasar. Kunnskapsgrunnlaget er difor vurdert til å vere tilstrekkelig til å vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8). Tiltaket er vurdert til å ikkje føre til ein nemneverdig auke i samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldlova § 10). For å unngå ein utvasking av lokalt genetisk mangfold må det setjast vilkår om at det skal setjast ut fisk av lokal stamme (jf. naturmangfaldlova § 12). Sidan tiltaket krev løyve frå fylkeskommunen etter forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvassorganismar, er det naturleg å sette eit vilkår i eit eventuelt løyve etter verneforskrifta som seier at det skal setjast ut fisk av lokal stamme, som blir nærmare definert i løyve gitt av fylkeskommunen. Naturmangfaldlova § 11 er ikkje vurdert til å vere aktuell i denne saka.